



Arne Kjelsrud Mathisen er mannen bak Rural Tapes. Foto: Vidar Landa

til *Rural Tapes*, men så har han likevel ønskt å late gjestane han inviterer inn, få styre eit og anna i nye retningar.

Dermed høyrer vi ekko frå R.E.M. og nydelege *Reveal* (2001) på det eine sporet McCaughey syng på (og har skrive teksten til), «Lost in Sound», men sjølv om sporet går plettfritt inn i heilskapen, kjenneteiknar det ikkje *Rural Tapes*, som i all hovudsak er eit instrumentalbum som herjar i sjangerlandskapet der ein høyrer ekko frå den klassiske musikktradisjonen, jazzen, ei heil rekkje lydspor til ulike filmar, og, herleg nok, krautrocken.

FINE DETALJAR

Dette albumet er fullt av fine detaljar. Når Josh Kantor dukkar opp på akkordeon på «The Observer», er det som om alle dei sørgeleg stengde fortauskafane i Paris opnar igjen. Songen

vert følgt opp av «Opus 13», som med det skakke pianoet sitt vert Mathisens nikk til Chopin og pianotimar i barndomsåra.

Det er ein eksplosiv mikstur, og for meg er denne utgivinga ei storhending musikkvåren 2021. Om den kommersielle musikkindustrien medverkar til ei einsretting og stadig prøver å definere ein ny hovudstraum, minner *Rural Tapes* oss om at det verkelege eventyret finst ein annan stad.

Skjer det ikkje snart no? Vi opnar opp, løftar glasa, og musikken strøymer ut i stover og kjøkken, ut på verandaer og tun. Men det er på den kulaste festen at nokon får på *Rural Tapes*.

Rural Tapes kjem ut fredag 30. april.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

prokrastinere og synest han kastar vekk for mykje tid på Photoshop (!), og at han slit med laster og helseproblemer av større og mindre art. (Han vart 47 år i 1995.)

Sjølvskryst vert det lite av når ein skriv for seg sjølv. Skrifta er snarare prega av glimt i auget, tørr sans for humor og usystematiske spekulasjonar av ein type som sjeldan får plass i intervju-samanheng eller i essaystikk. Refleksjonar om kunst og teknologi dukkar ikkje overraskande opp, av og til i stikkordsform, mellom middagar, leik med døtrene og barndomsminne. Og så er det anekdotane, frå

kreativt samarbeid med Bowie og U2 og andre, for ein dag på jobben for Brian Eno er også ein form for kvardag, kor lite han enn liknar på din eller min. Sladder vert det lite av, men vi kjem likevel heilt inn i det private rommet, der det mellom anna viser seg at ingen kan vere trygge når Bono set seg i førarsetet i ein bil.

Til slutt vart det nok. 31. desember skriv Eno: «Tomorrow I can go to sleep without having to write this diary.» Og med det har lesaren fått nok også.

ØYVIND VÅGNES



Sliteneliten er eit politisk telegram, fortel presseskrivet. Pressefoto

SLITENELITEN!

Har Sliteneliten ein fan-klubb? I så fall vil eg vere med. Dei siste par vekene har eg svinsa rundt og nynna og nikka til det friske, sjølvtitulerte, herleg pønkete debutalbumet (ute på Plateselskapet No. 13), som byr på vilter folk framført på framifrå vossamål.

Det seks kvinner sterke bandet trekkjer sjølv liner til *Amtmandens Døtre* og *Vømmøl Spellmannslag*, kanskje meir fordi plata deira er prega av eit markant politisk medvit enn av reint musikalske felles-trekk. Kombinasjonen av speglede og tydelege meldingar får meg til å fantasere om konsert, slik at eg kan få høyre songar som «Sliteneliten», «First House», «Eat dei rike» og «Angrepils» med denne gjengen på ein scene.

Ø.V.



Miss Tati kjem til Førde i juli. Pressefoto

HEIME PÅ FØRDE-FESTIVALEN

Tema for årets førdefestival (7.–11. juli) er passende nok «heime», men det hindrar ikkje arrangementet frå å vere markant internasjonalt i profilen: Det vert musikk frå 24 land, med musikarar som alle bur i Noreg. Verda kjem altså til Førde, nok ein gong, om på ein litt annan måte enn det vi er vane med.

Det kan vere lurt å skaffe seg billetter i god tid, for publikumskapasiteten vil vere svært redusert denne sommaren, og programmet er tett på godbitar. Miss Tati har med seg det nye prosjektet ANGOLA70. Frå Bergen kjem Meelodi, med Medi Famani, Nawar Alnaddaf og Ole André Farstad. Anders Lillebo Trio skal spele i parken, og Kajsa Balto skal joike. UTLA, med Terje Isungset, Karl Seglem og Håkon Høgemo, koplar nok ein gong jazz, folkemusikk og improvisasjon, denne gongen på Hafstadfjellet, for å nemne berre noko. Meir om det rikhaldige programmet finn du på festivalens nettsider.

Ø.V.

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com



Den norske komponisten Johan Kvandal (1919–1999), her fotografert i Hamburg i 1974. Foto: Privat

Allsidig

Johan Kvandals romansar for sopran og klaver syner eit imponerande stilistisk og uttrykksmessig spenn.

CD



JOHAN KVANDAL:
Songs by
Johan
Kvandal

ISA KATHARINA

GERICKE, SOPRAN; JOACHIM
KNOPH, KLAVER. LAWO 2021

Henrik Wergelands «Til min Gyldenlak» er eitt av dikta der orda har så mykje musikk i seg at det kan synast overflødig å tonesetja det. Likevel er det denne songen som sit lengst i etter å ha høyrte Isa Katharina Gericke og Joachim Knophs album med Johan Kvandals romansar for sopran og klaver.

Kvar komposisjon over eit dikt er samstundes ei *tolking* av diktet, og komponisten si «omsetjing» til musikk kan bli for tydeleg, for inngripande, særleg når det gjeld filigran poesi som Wergelands verk. Det blir som sommarfuglvingen du freistar å gripa: Uansett kor varsam du er, risikerer du å øydeleggja han.

TIDLAUST

Men romansen «Til min Gyldenlak», op. 9 nr. 4, kan stå som døme på korleis det skal gjerast. Stykket, som kan ha blitt til i høve 100-årsmarkeringa for Wergelands død (altså i 1945), får fram det tidlause i betraktningane kring døden og livet: kring venleiken som held fram sjølv om mennesket som ovundrar han, atter er blitt til molda «hvoraf alt er skabt».

For å uttrykkja dei store tankane i det vesle lèt Kvandal klaveret tre tilbake for ein uttrykkssterk melodi i sopranen. Han nyttar den gjennomkomponerte forma frå tysk liedtradisjon, der kvar

strofe får si eiga tonesetjing. Dette gjer ei grannsam kontrollert musikalsk utvikling mogleg.

GODE TOLKINGAR

Alle songane frå op. 9 er ikkje laga på dette viset. Der er overraskande mangfald i form, stil og uttrykk. Dei to fyrste songane har dikt av den fargerike målmannen, presten, forfattaren, bibelomsetjaren og Garborg-venen Ivar Mortensson-Egnund. Her er tonesetjinga meir *to the point*, med frodig, folke-musikalsk preg. Spesielt godt likar eg klaverakkompagnementet i «Helsarmål», op. 9 nr. 1, der me høyrer små, hardingfeleaktige motstemmer til sopranen. Men Kvandal kunne komponera heilt annleis enn dette òg, noko me merkar i sjetten songen i same opuset, som er den underlegaste: I «Klage», med tekst av russaren Maxim Gorkij, er klaverstemma forma som eit polyfont J.S. Bach-verk.

Kva så med tolkinga av dette sjeldan framførte repertoaret? Ho er ypparleg. Sopranrøysta til Isa Katharina Gericke er herleg klår, med islett av noko dult og mørkt der det høver. Diksjonen og vibratobruken gjer kvart ord skjøneleg. Joachim Knoph imponerer òg med sitt kjenslevare akkompagnement. Teknisk presterer han lytefritt, med gjennomtenkt, avvekslingsrik artikkelasjon og dynamikkbruk.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar, musikkvitar og fast musikk-meldar i Dag og Tid.



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no